



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

29.08.2025

Vår ref:

2025/10235

Dykkar dato:

24.06.2025

Dykkar ref:

202418771

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - 132 kV kraftleidning Sandøy-Raunholmen - Raunholmen transformatorstasjon - Skipavika næringspark transformatorstasjon - Gulen

Statsforvaltaren legg til grunn at konsekvensar for viktig naturmiljø blir ivaretatt på best mogleg måte i saka. Det bør stillast krav i ein eventuell anleggskonsesjon om samfunnsnyttig bruk av spillvarme frå produksjonsanlegget.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for ny 132 kV kraftleidning Sandøy-Raunholmen og ny Raunholmen transformatorstasjon, og ny transformatorstasjon og nettilknytning ved Skipavika næringspark.

Om konsesjonssøknadene

BKK søker om å få byggje ein ny om lag to kilometer lang 132 kV kraftleidning frå eksisterande Sandøy transformatorstasjon til ny Raunholmen transformatorstasjon. Om lag 1,8 kilometer av leidninga skal byggjast som luftleidning, medan siste del på om lag 150 meter inn til den nye Raunholmen transformatorstasjon skal byggjast som jordkabel. Kraftleidningen skal byggjast parallelt med eksisterande 22 kV kraftleidning.

Ny Raunholmen transformatorstasjon er planlagt med to etasjar og ei grunnflate på ca. 680 m² inne på industriområdet i Skipavika. I tillegg søker BKK om å få byggje om eksisterande Sandøy transformatorstasjon, slik at den nye 132 kV kraftleidninga kan knytast til transformatorstasjonen. Tomta er tidlegare planert og klargjort til eit fullverdig 132 kV koplingsanlegg.

Føremålet med dei konsesjonssøkte tiltaka er å sikre straumforsyning til ein ammoniakkfabrikk i Skipavika næringsområde.

For å kunne etablere og drifte dei elektriske anlegga ved ammoniakkfabrikken, søker SkiGA AS om å få byggje ein ny transformatorstasjon inne på det etablerte næringsarealet i Skipavika, og to om lag 200 meter lange 132 kV jordkablar fram til nye Raunholmen transformatorstasjon.

SkiGa AS grunngjev søknaden med at dei har planar om å etablere ein ammoniakkfabrikk i Skipavika, og for å få dekkja kraftbehovet til ammoniakkfabrikken, er det naudsynt å kople seg på 132 kV-nettet.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vår vurdering

Vi legg til grunn at naturmiljøet blir ivareteke i tråd med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, om at all utbygging skal skje på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og etter miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Sentralt her er å minimere nye naturinngrep, tilpasse installasjonane godt til terreng og landskap, og tilbakeføre området etter moderne prinsipp for istandsetjing.

Den nye kraftlinja vil kome nær ein stor kystlyngheilokalitet. Dette er ein viktig naturtype, som òg har status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52, og som det derfor må takast spesielle omsyn til. Lokaliteten er kandidat område for supplerande vern.

I konsekvensutgreiinga er linjeutbygginga vurdert til å få «noko negativ konsekvens» for naturmangfald, på grunn av noko negativ effekt på funksjonsområde for rovfugl, og noko tap av naturtypen kystlynghei.

Tiltakshavar har vore i kontakt med oss undervegs i planlegginga av linja. Innspela våre er imøtekomne, og vi vurderer at luftlinja slik den er planlagt ikkje vil få særlege konsekvensar for kystlyngheia.

Sandøyna er derimot hekkeområde for rovfuglar, mellom desse ein art med raudlistestatus *sterkt trua*. Hekkeplassen for sistnemnte ligg i underkant av 1,5 km frå Sandøy transformatorstasjon. Arten er generelt følsam for forstyrningar, og da særleg i innleiinga til hekkinga og i rugeperioden (i praksis frå januar til juni). **Dersom det skal sprengjast eller flygast med helikopter, må dette skje i perioden 1. juli - 15. desember, og helikopterflyging må ikkje skje nord for den nye kraftlinja.** Det aktuelle paret har vore overvaka dei siste ti åra, og har blitt i området trass i ein del støy frå Skipavika industriområde. Dei har likevel hatt svært dårleg ungeproduksjon i tidsperioden, og ein må derfor legge vekt på å unngå støy frå andre kantar i den mest følsame tidsperioden.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Tiltakshavar må sjølv vurdere om anleggsdrifta kan føre til forureining utover det som kan reknast som vanleg forureining frå mellombels anleggsdrift etter § 8 i lova.

Industriell produksjon av ammoniakk vil gi eit monaleg energitap gjennom spillvarme. Forslag til ny forskrift om kost-nytteanalyse for utnytting av overskotsvarme har vore på høyring, og vi forstår at den vil bli vedteke i nær framtid. Vi legg til grunn at det vil bli stilt krav om samfunnsnyttig bruk av spillvarmen i ein eventuell konsesjon, i tråd med føremålet i energilova om å «.. sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte...».

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gulen kommune
Vestland fylkeskommune

Eivindvikvegen 1119
Postboks 7900

5966 EIVINDVIK
5020 BERGEN



Per Ivar Trollnes Tautra

Fra: Larsen, Tore <tore.larsen@statsforvalteren.no>
Sendt: torsdag 11. september 2025 16:29
Til: Per Ivar Trollnes Tautra
Kopi: Søltnæs, Eyvin
Emne: SV: Statsforvalterens høringsmerknader til konsesjonssøknaden for 132 kV kraftledning Sandøy - Raunholmen

Hallo!

Eg viser til telefonsamtalar og epostar om ny 132 kV kraftleidning Sandøy – Raunholmen, og ønsket om å få oversendt ei oppsummering med bakgrunn i spørsmåla i eposten din datert 8. september (som eg har limt inn under).

Vi har set nærare på opplysningane om riggplass for helikopterflyging, og det du skriv om at fagutgreiaren for naturmangfald i KU har anbefalt litt andre avbøtande tiltak enn dei vi har føreslått. Dette kan det vere greitt å kommentere med utgangspunkt i lista med føreslåtte avbøtande tiltak i KUen:

- *Utarbeide prosjektspesifikke hensynssoner for hekkefugl av sårbare og rødlistede arter i området ved anleggsarbeid i hekkesesongen [utanom rovfugl]:*

Her blir det vist til m.a. omsynssone for vipe på 500 m. Ettersom du skriv at «Sprengning og flyging med helikopter skal vi klare å begrense til perioden 1. juli – 15. desember» vil den forstyrrende aktiviteten ikkje skje i hekketida, og det er da ikkje nødvendig med slike omsynssoner.

- *For rovfugl skal hensynssoner benyttes i sårbarhetsperioden (hekkesesong). I henhold til veileder for sårbare arter av fugl settes denne hensynssonen på 1000 meter for bakkearbeid, helikopter-/droneflygning og sprengingsarbeid.*

Det er mindre enn 1,3 km frå aktuell reirplass til næraste del av den planlagde kraftleidninga. Ettersom evt. ungar vil spreie seg i terrenget etter at dei har forlete reiret, men framleis blir mata av foreldra ei lang stund etter 1. juli, vil helikopterflyging fort kunne påverke hekkeresultatet negativt dersom det blir floge nord for linja. Vi føreslo derfor i utgangspunktet å bruke linja som ei omtrentleg grense, da den vil vere grei å forhalde seg til for alle involverte. Men linja går jo aust-søraustover, og dermed gradvis lenger vekk frå hekkeplassen jo lenger aust ein kjem. Dersom de har ein riggplass 300 m nord for endemasta ved Skipavika, vil denne ligge like langt unna hekkeplassen som den vestlege enden av linja. Ei løysing kan dermed vere å trekke ein strek mellom riggplassen og eit punkt 50 m nord for den vestlege endemasta, og halde all helikopterflyginga over Sandøyna sør for den streken. For å gjere det mogleg å lande på riggplassen uansett vindretning, kan det i tillegg leggst inn eit manøvreringsareal ved å slå ein sirkel med radius 200 meter frå sentrum av riggplassen. Den planerte riggplassen ligg litt høgare enn sjølv industriområdet, men eg ser på kart/flyfoto at den likevel ligg om lag 80 meter lågare i terrenget enn den mest utsatte hekkeplassen, og det dempar støy og hindrar direkte innsyn. Med denne avgrensinga vil all helikopterflyging skje i ein minsteavstand frå reirplassar på om lag 1300 meter. Ein føresetnad er at dersom det skal flygast nordover frå det definerte flyområdet, må dette ikkje skje over land på Sandøyna – men ute over Brandangersundet (evt. vest for Sandøyna).

- *Ved eventuell flatehogst i området er det i sårbarhetsperioden for rovfugl anbefalt en hensynssone på 400 meter, i henhold til Norsk PEFC Skogstandard.*

Dette er det vi kan sjå ikkje relevant i dette tilfellet, ettersom hogst ikkje er aktuelt (med unntak for ein liten førekomst av sitkagran som står midt i traséen).

- *Det anbefales at det gjennomføres en supplerende kartlegging av hekkefugl, inkludert rovfugl, tidlig i hekkesesong samme år som arbeidet skal utføres...*

Dette vurderer vi som ikkje nødvendig, dersom det mest støyande arbeidet (inkl. helikopterflyging) skjer i perioden 1. juli – 15. desember, og utanfor den flygrensa som er definert ovanfor.

Dei siste to punkta om avbøtande tiltak i KUen har vi ikkje kommentarar til, dei ser greie ut.

Med venleg helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 26
Mobil: 90 84 69 42
E-post: tore.larsen@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Fra: Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>

Sendt: mandag 8. september 2025 10:55

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: Statsforvalterens høringsmerknader til konsesjonssøknaden for 132 kV kraftledning Sandøy - Raunholmen

Hei,

BKK viser til tidligere dialog om ovennevnte tiltak og til Statsforvalterens høringsuttalelse til konsesjonssøknaden.

Vi har fra NVE fått oversendt høringsuttalelsene, og skal nå kommentere disse overfor NVE. I den anledning ønsker vi å høre litt nærmere med dere hvilket handlingsrom vi har ift. hensyn til rovfugl. At det er rovfugl i området var kjent for oss fra konsekvensutredningen. Vi ser imidlertid at fagutreder for natur har anbefalt litt andre avbøtende tiltak enn de dere i høringsbrevet oppstiller som krav.

Sprengning og flyging med helikopter skal vi klare å begrense til perioden 1. juli – 15. desember slik dere ber om. Derimot er det vanskelig å unngå å fly på nordsiden av kraftledningen. Her håper vi for det første at dere kan finne det tilrådelig om vi definerer en korridor hvor flyging kan finne sted, eksempelvis inntil 200 meter nord for kraftledningens senterlinje. For det andre har vi planlagt en riggplass som ligger ca. 300 meter nord for endemasten ved Skipavika. Se kartene som fulgte som vedlegg til konsesjonssøknaden, hvor riggplassen er inntegnet. For enkelhets skyld vedlegger jeg disse her. Riggplassen ved Skipavika kan ikke benyttes dersom vi ikke kan fly med helikopter til og fra og lande på denne. Riggplassen har den fordel at den allerede er opparbeidet. Dersom vi må finne en annen riggplass, vil det sannsynligvis bli på areal som ikke er opparbeidet fra tidligere.

Det beste er om vi kan finne frem til løsninger som er akseptable for alle parter. Jeg hører derfor gjerne hva du/dere tenker om ovenstående. Vi kan eventuelt ta en samtale på telefon eller Teams om dere ønsker det.

Med vennlig hilsen

Per Ivar Tautra

Spesialrådgiver

+47 986 60 768

per.tautra@bkk.no

BKK

www.bkk.no



SV: Detaljplan 132 kV Sandøy - Raunholmen og Raunholmen transformatorstasjon

Fra Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Dato ma. 18. mai 2026 14:23

Til Mari Reistad <mari.reistad@ramboll.no>

Hei!

Så lenge innspillene våre gjennom dialogen med BKK er tatt inn i planen, så har vi ikke behov for noe møte om saken nå.

Med vennlig hilsen

Eyvin Søltnæs

seniorrådgiver



Statsforvalteren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35

E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvalteren.no/vl

Fra: Mari Reistad <mari.reistad@ramboll.no>

Sendt: tirsdag 12. mai 2026 14:51

Til: Søltnæs, Eyvin <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>

Emne: Detaljplan 132 kV Sandøy - Raunholmen og Raunholmen transformatorstasjon

Hei,

Jeg har forsøkt å nå deg på telefonen uten hell, så jeg prøver på e-post i stedet.

Rambøll utarbeider for tiden detaljplan for bygging av 132 kV kraftledning fra Sandøy - Raunholmen, og bygging av ny Raunholmen transformatorstasjon for BKK.

Statsforvalteren og BKK har tidligere hatt dialog rundt vilkårene gitt i konsesjonsfasen, se vedlagt e-poster. Vilårene som ble diskutert her er tatt inn i planen, og er beskrevet i detaljplanen og lagt inn i detaljplankartene basert på det som det ble enighet om i disse epostene.

Nå begynner detaljplanen å bli klar for innsending til NVE, og vi lurer i den forbindelse på om dere ser behov for å komme med videre innspill til detaljplanen. Ønsker dere et møte slik at vi kan presentere planen eller at dere får tilsendt detaljplanen, eller ser dere på den tidligere kommunikasjonen som tilfredsstillende med tanke på å komme med innspill?

Ring meg gjerne om det er noen spørsmål!

Med vennlig hilsen

Mari Reistad

Miljørådgiver Konsekvensutredninger

M +47 478 44 901

mari.reistad@ramboll.no

Rambøll

Løkkegata 9

N-2615 Lillehammer

<https://no.ramboll.com>



Classification: Confidential